

EIGENERKLÆRINGSSKJEMA TIL DEG SOM HAR FÅTT TILBOD OM KORONAVAKSINE

Før vaksinasjonen ber vi deg gå gjennom dette skjemaet og ta dette med deg til vaksinasjonsstaden.

Etternamn, førenamn:
Personnummer:
Signatur:

Ikke møt opp til vaksinasjon og gjev beskjed så raskt som mogleg dersom du:

- På vaksinasjonsdagen har forkjølesessymptomer eller feber over 38 °C.
- Venter på test svar, er i karantene eller isolasjon grunna koronasjukdom.
- Har gjennomgått koronasjukdom for mindre enn 3 månader sidan.
- Har vorte vaksinert med anna vaksine i løpet av dei siste 7 dagar.
- Er gravid utan å tilhøyre risikogruppe for alvorleg koronasjukdom.

Svarer du **JA** på nokre av spørsmåla under, bør det avklarast før vaksinasjon om det trengst spesiell tilrettelegging.

Ja Nei

	Ja	Nei
Har du mastcellesjukdom ?		
Har du på grunn av astma i løpet av dei siste åra fått minst to kortisonkurer eller vorte innlagt på sjukehus?		
Har du på grunn av astma hatt minst tre av følgjande symptomer, dei siste 4 vekene: <ul style="list-style-type: none">• Symptomer på dagtid meir enn to gonger per veke• Vakna om natta• Behov for anfallsmedisin meir enn to gonger per veke• Begrensning i fysisk aktivitet		
Har du hatt allergisk reaksjon på denne vaksinen eller innhaldsstoffa tidlegare?		
Har du tidlegare hatt alvorleg (livstruande) allergisk reaksjon på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna?		
Brukar du medisinar av typen betablokkar ?		
Har du auka blødingstendens ?		
Har du kraftig redusert immunforsvar ?		
Har du vore koronasjukdom for meir enn tre månader sidan?		
Ammar du eller er du gravid ?		

Fyllast ut av vaksinator om vaksinasjonen ikkje straks dokumenterast i EPJ/SYSVAK:

Vaksinasjonsdato og klokkeslett:	
Preparat-/vaksinenamn:	
Batch/Lotnummer:	
Årsak til vaksinerings: 1. Prioriteringsgruppe 2. Helsepersonell 3. Anna	
Namn (blokkbokstavar) vaksinator:	

INFORMASJON OM TILRETTELEGGING FOR VAKSINASJON:

Mastcellesjukdom eller ukontrollert astma:

Kontakt lege for individuell vurdering dersom du har ein mastcellesjukdom. Dersom du har svart JA på eit eller begge spørsmåla om astma, kan det tyde på at du har ein ukontrollert astma. Du bør kontakte lege for ei vurdering av korleis du bør følgjast opp før og under vaksinerings.

Tidlegare allergisk reaksjon på koronavaksine eller alvorleg allergisk reaksjon på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna:

Kontakt lege for individuell vurdering. Om lege tilrår vaksine kan det vere behov for auka beredskap for å handtere eventuelle allergiske reaksjonar, samt forlenga observasjonstid etter vaksinasjon

Betablokkar:

Helsepersonell bør vere klar over at du brukar denne typen medisinar så dei kan gje deg best mogleg hjelp om du får ein allergisk reaksjon. Du har ikkje auka risiko for allergiske reaksjonar, men kan trenge meir medisinar som brukast for å behandle allergi. Døme på vanlege betablokkarar er Metoprolol, Selo-Zok, Seloken, Bloxazoc, Atenolol, Bisoprolol, Emconcor, Brevibloc og Raploc.

Auka blødingstendens:

Om du brukar blodfortynnande medisinar kan du vaksinerast som normalt. Gjer vaksinasjonsstaden merksam på at du brukar denne typen medisinar, slik at dei er førebudde på å hjelpe deg om det blir teikn til bløding på stikkstaden. Døme på vanlege legemiddel i denne gruppa er Marevan, Eliquis, Pradaxa, Xarelto, Lixiana, Albyl-E, Aspirin, Acetylsalisylsyre, Plavix, Clopidogrel, Persantin, Brilique, Heparin, Fragmin og Klexane. Om du har auka blødingstendens grunna anna sjukdomsbakteppe bør du kontakte lege for individuell vurdering. Om du har blødarsjukdom og blir behandla med koagulasjonsfaktor, bør du vaksinerast same dag som siste dosering med koagulasjonsfaktor.

Vore gjennom koronasjukdom (covid-19):

Du treng berre éin dose vaksine, denne bør gjevast tidlegast 3 månader etter at du vart frisk.

Kraftig redusert immunforsvar:

Dersom ein har alvorleg immunsvikt eller nyttar medisinar som gjev kraftig reduksjon av immunforsvaret grunna for eksempel hematologisk kreft, beinmargstransplantasjon eller organtransplantasjon anbefalast det kortare intervall mellom dosene for enkelte vaksiner. Oppgjev vaksinasjonsstaden på at du tilhøyrar denne gruppa, så dei tilrettelegg vaksinasjonsplanen din. Om du er i tvil om at du tilhøyrar gruppa bør du kontakte din behandlande lege for råd

Amning og graviditet:

Kvinner som ammar tilrådest vaksinasjon, det er ikkje risiko for overgang av koronavaksiner til morsmjølk. Studiar tyder på at koronavaksinasjon er trygt både for den gravide og for fosteret, men det kan vere ukjent risiko for begge partar ettersom erfaringa med vaksinerings av gravide er avgrensa. Vaksinerings av gravide kan difor vurderast i samråd med lege i følgjande situasjonar:

- Gravide som har risiko for alvorleg koronasjukdom grunna underliggende helsetilstand.
- Gravide i geografiske område med stor smittespreiing som ikkje har moglegheit til å redusere sin kontakt med andre eller skjerme seg for smitte, sjølv om den gravide ikkje har risiko for alvorleg koronasjukdom.